



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/8631 - 20/28976

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
18.05.2020

Igangsettingsløyve for resterande arbeid med garasje - gbnr 240/16 Bjørndal

Administrativt vedtak: **Saknr: 516/20**
Tiltakshavar: Tom Landro Bjørndal
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a) jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av resterande del av garasjen - tømrararbeid på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 30.10.2019 i sak 19/2166 med vilkår gjeld for tiltaket forutan vilkåret om avtale med kraftlinjeeigar, BKK AS, som fell vekk.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbygger for ansvarsområde PRO tømrararbeid med montering samt sjølvbygger for UTF tømrararbeid med montering.»

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av tømrararbeid som resterande ledd i å oppføre frittliggande garasje med bod på etablert bustadtomt.

Kommunen har i vedtak av 30.10.2019 gjeve rammeløyve i sak 19/2166 for oppføring av frittliggande garasje med bod på etablert bustadtomt.

Det vert elles vist til søknad mottatt 28.04.20.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.04.20 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1. Det er vedlagt gjennomføringsplan, datert 26.04.20 med oversikt over alle ansvarsområder for tiltaket.

Tiltakshavar Tom Landro Bjørndal har søkt ansvarsrett som sjølvbyggjar etter SAK § 6-8 for PRO tømrrarbeid med montering samt sjølvbyggjar for UTF tømrrarbeid med montering.

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Vilkår i rammeløyve

I vedtaket frå kommunen av 30.10.2019 om rammeløyve vart det satt følgjande vilkår for igangsettingsløyve:

Avtale med kraftlinjeeigar, BKK AS.

Det er ikkje lengre grunnlag for avtale med BKK då kraftlinja er flytta i etterkant av vedtaket frå kommunen av 30.10.2019, sjå e-post frå BKK datert 06.12.2019 i sak 19/2166.

Vilkåret om avtale med kraftlinjeeigar, BKK AS for igangsettingsløyve fell vekk.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8631

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

G1-Gj.plan_V3_sign.

Kopi til:

Tom Landro Bjørndal

Bjørndalen 99 5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 5913
2

EIKANGERVÅG